

Innspel til kommuneplanen.

Dette innspelet er, med nokre endringar og tilpassingar, det same som vart fremja til siste arealplan for Lindås. Sjå vedlegg 3.

Kommunen gav den gongen positiv tilråding til tiltaket, men etter at fylkesmannen meldte motsegn, enda det med at berre ein mindre del vart avsett til føremålet i kommuneplanen. Alle tiltak på gnr 119 bnr 1, som i innspelet var vist med størst behov, vart tekne ut.

Tanken bak innspelet den gongen var, at innafor det naturleg avgrensa sjø og strandområdet det her er snakk om, å få til eit bruksområde som løyser dagens behov. Vidare ønskte ein å sikre ei utvikling som auka området sin bruksverdi både for fastbuande, hytteeigarar og turgåarar.

Området som er avsett i gjeldande plan har ingen løysingar for bnr 1.

Innspelet vert difor sendt inn på nytt med nokre endringar som er tilpassa område BAB 1 Nordre Trongholet i den vedtekte kommuneplanen. Alt areal ligg på gnr 119 bnr 1.

Område og planlagt arealbruk.

Området ligg i Langøysundet på Sundsbø vedlegg 1.

Vedlegg 2 og vedlegg 4 viser avgrensing og ønska arealbruk .

Arealbruken delt i:

- Område i sjø for flytebryggjer /naustbryggjer,
- Byggjeområde for naust/sjøboder
- Natur og friluftsområde

Ønska tiltak/anlegg.

Område sjø.

- Utlegging av flytebryggjer for småbåtar innafor avmerka område.
 - Tal på bryggjer og båtplassar må ordnast slik at området kan utnyttast best mogeleg utan å hindre tilflot til eksisterande naust og lunnar, eller til felles båtopptrekk.
- Mudre ut (der det er nødvendig) for å få nok djupne i bryggje og opptrekkssområde.
- Byggje faste bryggjer i tilknytning til eksisterande naust.
- Byggje lunnar for utsetting/opptrekk av båt i tilknytning til eksisterande naust, pluss tilstelling av felles båtopptrekk.

Byggjeområde på land.

- Bygging av inntil 7 nye naust/sjøboder.
- Byggje lette gangvegar/bryggjer langs strandlina
- Forlengje eksisterande veg på bnr 1 fram til nytt naustområde, veglengde ca 30 m.

Natur og friluftsområde.

- Stelle til strandområde og fellesområdet for opphald og fritidsaktivitet.

Konsekvensar med tiltaket.

Her viser vi til vedlagte konsekvensutgreiing i kommuneplan for Lindås. Det omsøkte arealet inngår i denne konsekvensutgreiinga. Sjå vedlegg 3.

Helsing
Kathrine og Frode Sætre

Vedlegg 1, 2 og 4 - kartskisser.
Vedlegg 3 - konsekvensutgreiing